



Grunngjevne spørsmål til ordførar, Meland kommune, KS 17. juni 2015

Gjeld Gudmundsholmen – Flatøy – utfylling i sjø

FRAMO Flatøy (tidlegare Frank Mohn Flatøy) har i søknad frå 31.10.2013 søkt om rammeløyve for utfylling i sjø mellom eksisterande industrianlegg på Flatøy og Gudmundsholmen. Med bakgrunn i gjeldande reguleringsplan frå 1989 gav Meland kommune løyve til tiltaket i administrativt vedtak frå 1.12.2014. Etter klage frå m.a. naboar har Fylkesmannen i Hordaland kjent dette vedtaket ugyldig i brev frå 22.5.2015, etter at Utval for drift og utvikling hadde avvist klagen i vedtak frå 3.3.2015.

FRAMO Flatøy er Meland kommune si viktigaste industribedrift, sidan etableringa på Flatøy i 1965 har dei hatt ei rivande utvikling og er i dag kring 400 tilsette. Dei er ein attraktiv arbeidsgjevar med ein lojal arbeidsstokk med ein stor grad av lokal forankring. Dei tar og eit samfunnsansvar utover det ein kan forvente som lærebedrift, med mellom 60 og 70 lærlingar mellom dei tilsette. Vi meiner Meland kommune må strekkje seg langt for å gje FRAMO Flatøy gode og føreseielege rammevilkår. Også mange andre bedrifter i regionen er meir eller mindre avhengige av bedrifta, som underleverandørar.

Skal bedrifta kunne utvikle seg vidare, i ein global marknad, er dei heilt avhengige av å få tilgang til større areal på Flatøy. Og dei treng det i dag! Utfylling mot Gudmundsholmen vil gi tilgang på auka areal til transport/logistikk og lager. Det vil gje redusert belastning på miljøet ved redusert transportbehov og høve til lagring på området. Dette vil setje FRAMO Flatøy i stand til framleis vere ei leiande bedrift på verdsbasis, med base i Meland kommune, og gi høve til utvikling.

Med vegutbygginga på Flatøy kan bedrifta få tilgang på reine massar som er høvelege til utfylling mot Gudmundsholmen, men det er viktig at dette skjer raskt.

Forslaget til utfylling mot Gudmundsholmen gir eit mindre miljømessig inngrep enn det den opphavelege reguleringsplanen gir opning for, då størstedelen av holmen vil bli bevart (reguleringsplanen opnar for å sprengje ned og planere heile holmen).

Meland kommune må gjere det som er mogleg for å sikre at FRAMO Flatøy kan utvikle seg på ein god måte på Flatøy, ei flytting av verksemda vil vere katastrofal for Meland og innbyggjarane i kommunen!

Spørsmål:

1. Meiner ordføraren at fvl. § 34, 2. ledd 3. setning er tilstrekkeleg oppfylt i klagehandsaminga frå Fylkesmannen si side? *(Der statlig organ er klageinstans for vedtak truffet av en kommune eller fylkeskommune, skal klageinstansen legge vekt på hensynet til det kommunale selvstyre ved prøving av det frie skjønn.)*

2. Vi kan ikkje sjå i vedtaket frå Fylkesmannen at omsynet til det kommunale sjølvstyre er vurdert i det heile. Vil ordføraren ta initiativ til at vedtaket blir klaga vidare på bakgrunn av sakshandsamingsfeil?
3. Fylkesmannen har tydeleg ikkje vurdert dei store samfunnsmessige konsekvensane av å finne vedtaket ugyldig, men berre vurdert kva område som har kva farge i reguleringsplanen. Vil ordføraren ta saka opp med departementet, som er den statlege instansen som har kompetansen i klagesaker og som har delegert oppgåva til Fylkesmannen?
4. Eventuelt; kva for konkret strategi har ordføraren for å raskt kunne løyse denne saka til beste for FRAMO Flatøy og Meland kommune?

Øyvind H Oddekalv
representant, Meland AP